



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Økonomikonsulent/Controller - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

På økonomikontoret i Meland kommune er det ledig for snarleg tilsetting fast 100% stilling som økonomikonsulent / controller.

Økonomikonsulenten / controlleren vil få varierte oppgåver:

- Budsjettarbeid og økonomirapportering
- Støtte til tenesteområda i alle typar økonomisaker
- Sjølvkostrekneskap innan Vatn- og Avløpsområdet
- Superbrukar av økonomisystemet
- Oppfølging mot leverandørar av IKT-løysingar og telefonisystem
- Internkontroll (innan økonomiområdet)
- Oppfølging av innkjøpsavtalar og rutinar innan innkjøp
- Eigedomsskatt
- Saksbehandling i økonomisaker
- Anna arbeid ved økonomikontoret

Økonomikonsulenten må kunne ta sjølvstendig ansvar for dei ulike arbeidsoppgåvene.

I stillinga får ein utstrakt kontakt med leiarar og andre tilsette i kommunen, slik at evne til å kunne kommunisere godt munnleg og skriftleg er viktig.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker etter ein utadvent og nøyaktig medarbeidar med gode datakunnskapar og erfaring med økonomirapportering og rekneskaparbeid.

Erfaring frå communal sektor er eit føremon.

Søkjar må ha utdanning på høgskulenivå (minimum bachelor).

### Vi tilbyr

Løn etter avtale og kvalifikasjonar.

Gode pensjons- og forsikringsordningar.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 30.11.2017

Utlýst dato 14.11.2017

Vårref

728/17

### Kontaktperson

Per Inge Olsen, Økonomisjef, tlf: 56171050, mobil: 99512569, per.inge.olsen@meland.kommune.no